

# Storspelemann på Ringerike



CHRISTIAN BORLAUG: Lanserer ny CD.

Leserfoto

Christian Borlaug frå Haugsbygd ved Hønefoss har nyleg lansert ein CD med det pussige namnet «Ruske-Saras minne».

**HAUGSBYGD:** Den virtuose spelemannen Lars Fykerud (1860-1902) hadde slåtten «Ruske-Sara» som ein av sine mange glansnummer.

Eg tolkar Christian Borlaug slik at han med si utgjeving vil heidre både Lars Fykerud og heile den store musikktradisjonen som ligg i slåttespelet på solo hardingfele.

## For ein CD!

Og for ein CD dette er blitt! Det er hardingfelespel på øvste hylle, klangfullt, teknisk avansert, drivande, og med mange sjeldsynte finesser.

Fleire av slåttane er etter Fykerud'en, med Hauk og Knut Buen som mellommenn, andre etter kjelder i Tinn, fram til bravurnummeret «Fanitullen» etter Odd Bakkerud frå Hallingdal.

Christian Borlaug, som i dagleglivet er ein roleg og stillfarande kar, er alt

anna enn smålåten når han slepper seg laus med fela. Han spelar med kraft og teknisk briljans, stundom ut mot bristepunktet, nesten så ein må halde pussten til han er komen i mål med slåtten.

I ei tid med glattpop og elektronisk dunder i mest alle kanalar er det forfriskande å oppleva instrumentalistar som satsar på ei «nisje» som klassisk solospel på hardingfele.

## Turnert

Trass i ung alder har Christian turnert i meir enn 30 land. Han har ofte vore med Rikskonsertane ut i skuleverket og elles hatt mange representasjonsoppdrag rundt om i kongeriket.

Alle er kanskje ikkje kjende med kor krevjande det er å meistre det tradisjonelle slåttespelet, både teknisk, rytmisk og tonalt. Det er både profesjonelle meistrar og vanlege spelemenn som i over tre hundre år har dyrka fram det enorme repertoaret (springar, gangar, rull, halling og pols), og som også har nytta fela til lydarslåttar og stev-, vise- og salmetonar.

## Musikalske gener

Christian Borlaug meistrar alt dette.

Med musikalske gener i slekta frå både kantar – Lærdal og Sør-Aurdal – og med ei brennande vilje til å lære, har ringeringen med denne CD-en prova ein gong for alle:

Han tilhører det absolutte tetskiktet av hardingfelespelemenn i Noregs land. Vil du høre den åndelege fagerdomen i slåttespelet, set du på tolkinga av gangaren «Nonsnatten» etter Lars Fykerud, eller «Hildalen» etter Bjarne Herrefoss, – mektige tema, med ro, lange liner, mental balsam.

## Variert

Vil du heller ha villskap og uro i skrotten, er «Hallingrosa», ein skikkeleg susar av Knut Buen, den rette.

Vil du ha eit studium, eit sjølebad med djupdykk i kvarttonar, er «Kivlemøyane» etter Knut Dahle og Håvard Giboen eit godt døme.

Det er grunn til å gratulere Christian Borlaug med CD-produksjonen. Omslaget er delikat og tiltalande. Det innlagte heftet (både i norsk og engelsk tekst) har interessante opplysningar om musikken, tradisjonane og om ein reflektert spelemann på veg framover.

Hallgrím Berg